

PROTOKOLL STYREMØTE NBF SOGN OG FJORDANE
30.01.03

Følgjande deltakarar på telefonmøtet:

Asbjørn Feten, Dagfinn Lauritsen, Njål Kjörvik, Kai Lille-Homb, Kåre Aasebø, Arve Bjørn Røneid (referent)

Referat frå styremøte 02.09.02 samrøystes godkjend.

SAK 01-03: Orientering frå leiar

Asbjørn oppsummerte frå m.a. ”klubbmeister Sogn og Fjordane”, sonemeisterskap, div. endringar m.o.t. dublering/lagring av kort. Kai informerte om loddsalet til NBF, der det er viktig å få fram at overskotet frå loddsalet går til rekruttering.

SAK 02-03: Utpeiking av nestleiar/ turneringsansvarleg

Sidan Geir E. har reist frå fylket, tek Njål Kjörvik på seg vervet som turneringsansvarleg. Krinsen har til no ikkje hatt nestleiar. Dagfinn Lauritsen tok dette vervet utan store protestar.

SAK 03-03: Loen- turneringa

Overskotet frå turneringa har dei siste åra ikkje stått i stil med arbeidsinnsatsen. I tillegg er ein ressursperson som Geir E. ute av biletet. Asbjørn får ansvaret for å snakka med hotellet m.o.t. prisar, matpakkeordning o.l. Denne biten MÅ på plass for at krinsen framleis skal arrangere Loen- turneringa.

SAK 04-03: Oppretting av KRU-utval (kretsens rekrutteringsutval)

Frå før har krinsen eit ungdomsutval. Desse overtek no rolla som KRU-utval, og består av Dagfinn Lauritsen, Odd-Egil Nygård og Rune Veum. Dei to sistnemnde får høve til å delta på samling på Gardermoen 28.-30. mars.

SAK 05-03: Historikk-utval

Asbjørn har dårleg rygg, og har hatt plenty høve til å setja seg inn i krinsen si historie den siste tida. Haldor Sunde og Jonill Storøy har begge sagt seg viljuge til å vera med i utvalet.

SAK 06-03: Forsikring

Etter å ha forhøyrert seg om prisar, kom Asbjørn fram til at IF... forsikring hadde det beste tilbudet m.o.t. forsikring av kort og dubleringsmaskin. IF vert difor nytt forsikringsselskap for NBF Sogn og Fjordane.

SAK 07-03: Krinssamling

Ein delegasjon frå forbundet sentralt vil komma til krinsen vår i slutten av april for å drøfta m.a. rekrutteringstiltak. Det er viktig å ha god oppsluttnad frå klubbane i dette, og krinnsstyret oppmodar difor forbundet sentralt til å utsetja turen til fylket vårt til byrjinga av september. Dette er ei betre tid m.o.t. kursverksemd, motivasjon.

Telefonmøtet vara i 44 minuttar og 19 sekundar. Tid- og pengesparande ordning for krinsen!!!